

12

Jul i fattigdom og naud



4

Thorleif sluttar som kjøpmann

- ØyNytt har møtt Thorleif Hellesøy. Livet som kjøpmann har vore ein livsstil. No må andre ta over.

3

Maria Tveten: Det er mykje med Gud

10

På sporet av Jesus

14


Pilgrimstur i Spania

15

Nye salmar til advent og jul

Fast givarteneste

Kyrkja i Øygarden skal gi trusopplæring til nærare 900 born og unge mellom 0-18 år. Me ønskjer og å ha tilbod til unge over 18 år.



Me yter og ressursar til kristent frivillig arbeid, gjennom vår kyrkjelydspedagog og ungdomsteamet. Kyrkja er avhenging av eit godt samarbeid med frivillige.

Barne- og ungdomsarbeidet som kyrkja i Øygarden driv, har ei budsjetttramme på noko over 1 million kroner. Ein får mykje att for pengane, ikkje minst gjennom eit godt leirtilbod i Øygarden. Tildelte trusopplæringsmidlar frå kyrkja sentralt dekkjer ca 50 % av trusopplæringsarbeidet. Fast givarteneste skal dekke kr 120 000 av budsjettet i 2014. Prognosen viser at me no kan nå kr 116 000. Det er ikkje auke i faste givarar, men enkelgåver påverkar resultatet. Takk for di gåve.

Kontonummeret for gåver er: 3628 55 90870 (Øygarden sokneråd)

Populære leirar


Leirane på Skjergardsheimen i regi av kyrkja i Øygarden er populære.

Leirane er ein del av kyrkja sitt arbeid mellom born og unge i Øygarden og ein del av trusopplæringa. Litt over 200 born og unge er innom leirane på Skjergardsheimen i løpet av året. Det er det me har kapasitet til. På 3.-4. klasseleiren i november vart det ei lang venteliste. Tilsaman fekk me 70 påmeldingar og grensa går normalt ved 50 deltakarar. Me er sjølvsagt lei oss for at ikkje alle får plass, men av omsyn til innhald og tryggleik må me ha ei grense.

Me deler no 6. og 7. klasse som tidlegare har vore saman på leir.

Ny nettside kyrkja.no/oygarden

Kyrkja i Øygarden har fått ny nettside. Det er Kirkepartner som har utvikla nye nettsider for kyrkja sentralt og lokalt. Innhald som tekst og bilete og vedlikehald vert gjort av kyrkjekontoret.



Nettsida skal gi deg informasjon som du treng, enten det gjeld praktisk informasjon eller informasjon om våre tenester og tilbod i lokalsamfunnet.

Nettsidene er tilpassa nettbrett og mobiltelefonar og navigeringa er enkel. Nettsida har ein eigen kalender som m.a. viser gudstenester og andre aktivitetar. Hald deg oppdatert på: www.kyrkja.no/oygarden

Du kan og følgja oss på Facebook: Kyrkjaloymgarden

Redaktøren har ordet

Kjære lesar!



ØyNytt kjem denne gongen ut med eit 20-sider-adventsmagasinet. Normalt har me 16 sider. Det er krevjande å setja saman eit blad slik at det vert informativt og interessant for lesarane. ØyNytt er ein viktig kommunikasjonskanal for kyrkja i Øygarden. Me tek mål av oss å vera interessant for ei brei lesargruppe, men me vert alltid tydeleg på grunnlaget for bladet.

Vår nye nettside skal styrkja vårt kommunikasjons- og informasjonsarbeid ut mot innbyggjarane i Øygarden. Bruk nettsida for å finna praktisk informasjon og informasjon om våre tenester og aktivitetar.

Kyrkja i Øygarden driv eit omfattande arbeid. Det krev ressursar. Me er velsigna med eit flott mannskap av tilsette og frivillige medarbeidarar, alt frå dei som set i kyrkjelege råd til frivillige ute på golvet, i arbeid mellom menneske. ØyNytt ønskjer å formidla informasjon om arbeidet og dei som gjer jobben. Du kan lesa om dette i dette nummeret.

ØyNytt ønskjer å løfta fram andre saker enn det som er typisk for eit kyrkjeblad. Det har ØyNytt alltid gjort og me fortset med det. Difor kan du denne gongen lesa om Thorleif Hellesøy og om kommunen som treng støttekontaktar.

Kontrastane er store i verda. Mange går inn i jula i fattigdom og naud. I mange år har Open Heart lasta opp store mengder innsamla klede i Øygarden, som går til naudlidande i Ukraina. Me må aldri verta so nøgde med oss sjølv og vår velstand at me gløymer at det faktisk er mange som treng vår hjelp. Det gjeld misjon og humanitært arbeid.

Me i kyrkjestaben ønskjer alle ei fin adventstid og ei velsigna god jul med Jesus i sentrum.

Me takkar og for året 2014.

Olav Martin Vik

Det er mykje med Gud

Det er mykje med Gud, som ikkje er som ein kan forvente. Ein allmechtig Gud. Ein eineståande Skapar. Ein Gud som er større enn alt. Ein som er meir enn eg kan fatta og begripa. Ein som verken let seg fanga av og forklara med ord.

Til samanlikning er eg, eit menneske, så lita. Så bittelita. Kvifor skulle Den allmechtige bry seg? Kvifor skulle Skaparen gjere noko for oss som har rota det så kraftig til her på jorda? Han kunne vel erklære det som eit dårleg prosjekt, utan at han trengte ordna opp i problema våre?

Eller han kunne ordna opp på ein litt annan måte. Oversvømd alt, utan at verken Noa eller nokon andre overlevde. Kan hende senda eit jordskjelv til heile kloden vår? Så kraftig at ingen klarte å halde seg fast. Så kunne han byrja på nytt? Det passar seg vel ein Gud å gjere det litt valdsamt. Gjere noko utav seg, når han fyrst skal gjere eit forsøk på å redde verda. Han er trass alt Gud. GUD.

Det er ikkje som forventa med Gud. Eller som det burde for ein Gud, kanskje? Han involverar seg. Han stig ned til verda. Han utslettar ho ikkje, men han gjer det totalt motsette; han gjer verda liv. Eit nytt liv, som er ein heilt ny mogelegheit. Han vel å koma som eit born. Gud kjem, som ein baby. Han er så annleis enn forventa! Han er så annleis enn slik ein Gud kunne ha vore. Men så er ikkje Gud «ein Gud» - han er sjølv Gud. Skaparen. Faderen. Han er den som reddar verda. Frel-saren.

“Så audmjuk og stille kom Gud til vår jord. Så høgt er eg elska av Jesus, min bror.”

Maria Tveten



Maria Tveten er gift med sokneprest Espen Tveten. Ho er ungdomsprest i Fjell.

Foto: Olav Martin Vik

Frå møte i kyrkjelege råd (utdrag)

Øygarden kyrkjelege fellesråd har godkjent ein avtale som regulerer forholdet mellom Øygarden kommune og fellesrådet, m.a. husleiga for kyrkjekontoret. Avtalen skal og godkjennast i kommunale organ.

Øygarden kyrkjeleg fellesråd har fått seg førelagt ein rekneskapsrapport pr november 2014. Prognosen for året viser eit mindre meirforbruk i høve budsjett. Den kommunale ramma for 2014 er kr 200 000 lågare enn i 2013. Fellesrådet har og gjort naudsynte investeringar som ikkje var budsjettet.

Øygarden sokneråd har vald Erling Vik til leiar og Råmund

Skjold til nestleiar for året 2015.

Øygarden sokneråd vidarefører arbeidet med prosjektet “Naturlig menighetsutvikling”. Ei gruppe på 30 utvalde personar svarar no på ei spørjeskjema. Dette vert følgd opp med samlingar utpå nyåret.

Øygarden sokneråd har starta arbeidet med å førebu kyrkjevalet i 2015. I møte i januar 2015 vil soknerådet velja ei nominasjonsnemnd for soknerådsvalet

Øygarden sokneråd har godkjent vidare arbeid som omhandlar ein misjonsavtale som er retta mot arbeid i Thailand.



Thorleif Hellesøy ved inngangen til Eurospar på Rong

Thorleif gir seg som kjøpmann

Thorleif Hellesøy har vore kjøpmann omtrent heile sitt vaksne liv, frå han vart headhunta til butikksjef i daglegvarkjeden Prima og Lido i Bergen, til han no gir seg etter å ha drive Spar og Eurospar på Rong i mange år. No takkar han alle kundane som har brukt hans butikk.

Tekst og foto: Olav Martin Vik

Interiørstudenten vart butikksjef

– Han skulle verta interiørarkitekt var planen, då han som ungdom starta på Bergen Kunst og Håndtverksskole. For å spe på skulepengane dreiv han som arrangør av bryllupsfestar og han køyrde bårebil for Solstrands begravelsesbyrå.

Thorleif fortel at han vart headhunta til å vera butikksjef i daglegvarekjeden Prima/Lido i Bergen. Studentlivet fekk ein brå slutt då løna arbeid var meir interessant. 6 år arbeida Thorleif som butikksjef i Bergen.

Heim til Øygarden

Då Halvorsen gav seg med butikken på Nordre Sæle tok Thorleif over. Han tok 2. klasse sertifikat og i tillegg til butikken selde han diesel/fyringsolje frå tankbil og frå bunkringsanlegg. Det var ei kvia å tørna ut om morgonen vinterstid og køyra rundt på glatte vegar med tankbilen.

Spar vart Eurospar i nytt Rong senter

Etter kvart etablerte Thorleif seg på Rong og i Adolf Olsen sitt bygg. (Rongebua). Butikken vart seinare ein del av Sparkonseptet i Norgesgruppen. Det kom bank og post i bygget og aktiviteten auka. Då senteret var til salgs var Thorleif ein av kjøparane (3 eigarar). Eit nybygg vart reist og Thorleif fortel at det var eit stort løft, både å investera i senteret og samstundes utvida eigen butikk til Eurospar-butikk med eit stort vareutval. Ei stund eigde han og butikk på Møvik i Fjell og på Skjold i Bergen.

Livsstil og tillitsverv

Det er ein livsstil å vera kjøpmann. Minst 10 timars arbeidsdag i tillegg til tenking og planlegging. Thorleif har hatt tillitsverv og viktige styreverv i ASKO (styreleiar) og Norgesgruppen og hatt tillitsverv i andre samanhengar. Drivkrafta var å skapa noko nytt og skapa arbeidsplassar. Thorleif er ein samfunnsbyggjar. Eurospar Rong er ei stor verksemd med mange arbeidsplassar.

Kristent arbeid

Thorleif fortel at det har vore viktig å delta i kristent arbeid. Tidleg var han med og dreiv søndagsskule på Hellesøy, ungdomskor og seinare Hellesøy musikklag.

Pensjonisten Thorleif

Mykje av det frivillige engasjementet er avslutta og no gir han seg som kjøpmann i Øygarden. Han tenkjer å ta opp att tråden frå ungdomen, med kunst og handtverk og vera saman med familien. Han har hus og naust på Hellesøy og hus i Tyrkia som skal brukast og ettersjøast.

Viktige høgtider

Jul og påske er viktige høgtider, med Jesus som kom til jord og som den oppstadne frelsar, seier Thorleif.

Takk

Han takkar alle kundane, både nye og gamle som har brukt hans butikk på Rong. No må andre driva vidare.



Advent med adventsinnhald

Alle kjenner advent. Adventstida markerer at me nærmar oss jul. Det kan vere godt å vente på noko, slik som julehøgtida. Samstundes kjem me gjennom ventinga nærare intensjonen med advent.

Advent er ei tid til å førebu seg til jul. Førebuinga til påska heiter faste. Både advent og faste er ei tid til ettertanke og stille.

Advent i Thailand

Då eg arbeida i Thailand, gjekk eg rundt i butikkar i tida før jul og høyrde fin amerikansk julemusikk. Det var juletre og julepynt og me vart ønska «Merry Christmas» frå reklameplakatar over alt. Det var ei underleg oppleving sidan dei færraste hadde noko forhold til julebodskapen. For thaiane var nyttår det store høgdepunktet, og juletradisjonane frå vesten var stemningsfulle og gode å ha i oppladinga til å feira det nye året.

Hjelp til ettertanke

Advent kan få oss til å tenka at det ligg noko djupare enn det vi får med når dagane fer forbi med kurs for jula. Ordet advent kjem av latin «Adventus Domini» og betyr «Herrens komme». Me ventar og førebur oss på at Frelsaren skal koma.

Då adventskalenderen kom inn i dei norske heimane på femtitalet, skulle den første luka vere tom. Dette for å tenke over kva me ventar på. Bak resten av lukene var det salmevers og glansbilete. Ein slik kalender hadde ikkje kom-

munisert godt i dag, men også i dag kan adventstradisjonane peika på meininga med advent. Her er nokre døme. Adventsfargen er fiolett. Fiolett står for høgtid, alvor og bot. Adventstjerna er som morgonstjerna som lyser når dagen gryr over jordas mørke. Dei fire lysa i adventskransen står for dei fire himmelretningane. Lyset skal vise vegen til Gud for heile jorda.

Julas utgangspunkt

I advent ventar me ikkje nødvendigvis på dei rette kjenslene. Karsten Isaksen har sagt at jula er som eit forstørrelsesglas. Dei glade vert gladare og dei triste tristare. Det er mykje sant i det utsegnen. Me veit at ikkje alle får den jula dei egentlig vil ha.

Men jula kjem til både triste og glade, ho kjem til fattige i Ukraina, til dei sjuke og krigsramma, jula kjem til oss alle, og har ikkje sitt utgangspunkt i våre kjensler og er ikkje for berre dei lystige hjarter. Utgangspunktet er at Jesus kjem til jorda og kjem til oss. Eit spørsmål til ettertanke vert korleis julebodskapen kan verta ein del av forteljinga om mitt liv med Gud i dag.

God adventstid.



“Advent kan få oss til å tenka på at det ligg noko djupare enn det me får med når dagane fer forbi med kurs for jula”



Frå Syng med øss-kvelden. Foto: Geir Jensen

Syng med øss-kveld

Laurdag 1.nov var det samla fullt hus i Kulturhuset. I samband med kommunen sitt 50 års-jubileum vart det arrangert ein stor songkveld frå bedehusland. Det var mange i alle aldrar som var spente og forventningsfulle. For her skulle to kor, Immanuel og Øygarden gospel, som var nedlagt for fleire år sidan gjenoppstå for ein kveld i tillegg til noverande Gospelteens.

Kvelden var spekka med song i alle sjangere i tillegg til tre vitnesbyrd. Ordføraren var og tilstades og hadde ei fin helsing på slutten av kvelden. Etter litt over to timar var det klart for å erstatta song med hot-dog og brus i kafeèn. Det var mange gode tilbakemeldingar. Folk var fornøyd og meinte at dette må gjerast kvart år. Arrangørane takkar alle firma som sponsa, og for kollekten som denne kvelden vart på kr 10.800. Heile arrangementet gjekk med eit overskot på 9500 som går til Open Heart v/ Unni Instefjord.

Eldretreff 1. halvår 2015

Blomvåg på Tednebyggane Hjelme kyrkje
omsorgssenter kl. 16.30 Kyrkjelydssalen kl. 16.45

Torsdag 22. januar	Onsdag 21. januar
Torsdag 19. februar	Onsdag 18. februar
Torsdag 19. mars	Onsdag 18. mars
Torsdag 16. april	Onsdag 15. april
Torsdag 21. mai	Onsdag 20. mai

Bildet er frå eldreturen i 2014 med diakonimedarbeidar Bjørg Blom i forgrunnen. Dato for eldreturen i 2015 er ikkje bestemt



80-årsgåve

Ingvard Svellingen, mangeårig kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar i Hjelme fyllte 80 år i november.

Ingvard fekk sjølvsagt gåver og pengegåver han fekk til dagen har han gitt vidare til kristent arbeid mellom born og unge i Øygarden.

Pengegåva skulle delast på ungdomsklubben Refuel og anna barne- og ungdomsarbeid i regi av kyrkja.

Øygarden sokneråd takkar så mykje for gåva.

300 deltakarar

300 var tilstades i Hjelme kyrkje på gospelgudstenesta 16. november der m.a. Gospel teens frå Øygarden var med. Det vart ei flott gudsteneste som involverte mange.

Det var konfirmantleir i Sætervika 14.-16. november. Det vart ein fin leir både for konfirmantar og leiarar. Konfirmantane avslutta leiren på gospelgudstenesta i Hjelme.

Det vert sendt ei stor takk til alle involverte, både frivillige og tilsette.

Kortnytt

Den nye salmeboka "NORSK SALMEBOK 2013" er no tatt i bruk i kyrkjene i Øygarden. Det må kjøpast inn fleire salmebøker, i 2015.

Dei nye prosesjonskorsa er no tatt i bruk i kyrkjene. Dei er finsansierte av gåver og Øygarden sokneråd.

Heile 2,2 millionar sjåarar fekk med seg delar av "Salmeboka minutt for minutt". I tillegg var emneordet #nrk-salme det mest brukte på Twitter denne helga. (kjelde: Den norske kyrkja/NRK)

Kyrkjevalet 2015

i 2015 er det kyrkjeval. Då skal det veljast medlemmer til sokneråd og bispedømeråd.

Valet skal skje samtidig med kommune- og fylkestingsvalet, måndag 13. september 2015.

I Øygarden er det no eit såkalla samanslått sokneråd av Hjelme og Blomvåg. Dette har vore ei prøveordning for ei rekkje sokneråd som som vart godkjent av departementet i 2009. Ordninga med samanslåtte sokneråd vert vidareført som ei permanent ordning.

Det vert altså ei valliste for Hjelme sokn og ei for Blomvåg sokn.

Øygarden sokneråd er valstyre for kyrkjevalet. I januar 2015 oppnemner soknerådet ei nominasjonsnemnd som skal finna kandidatar til soknerådsvalet.

Nominasjonsnemnda må ha ferdig si kandidatliste til 1. mai 2015.

Det skal veljast til saman 6 faste representantar til Øygarden sokneråd med tillegg for vararepresentantar. Soknepresten er fast medlem i soknerådet.

Det skal og veljast medlemmer til Bjørgvin bispedømeråd. Medlemene i bispedømerådet representerer Bjørgvin i Kyrkjemøtet.

Det vert meir om kyrkjevalet i komande utgåver av ØyNytt.

Olav Martin Vik
kyrkjerje

Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP

POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

 Knut Helge Polden	 Espen Polden	 Elin Mikkelsen Berntsen	 Heine Polden	 Tom Wilson
--	--	---	--	--

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700

AVD. BERGEN Teatergt. 20 5010 Bergen Tlf: 55 21 44 50	AVD. SOTRA 2.etg på Shellstasjonen 5353 Straume Tlf: 55 21 44 50
---	--



ÅGOTNES TANNHELSETEAM

Tannlegene

Benedikte Kolbeinshavn og Sissel Blom

Vi tar imot gamle og nye pasienter!

Telefon: 96 90 44 00

Ågotnes Tannhelseteam
Ågotnes Helsehus
Skjærgardsvegen 1374
5363 ÅGOTNES
Telefon: 96 90 44 00
www.tannhelseteam.as
post@tannhelseteam.as

Vi syng jula inn, julegudstenester og julefestar i Øygarden

- | | |
|--------------|--|
| 14. desember | Hjelme kyrkje kl. 17.00
Vi syng jula inn. Barnekantoriet, Øygardskoret og Rong skulemusikk deltek. Enkel kyrkjekaffi. |
| 21. desember | Blomvåg kyrkje kl. 17.00
Vi syng jula inn. Lyskastaren banrekor, Vik mannskor, Toftøy skulemusikk og Birgitte Morken deltek. Enkel kyrkjekaffi. |
| 24. desember | Tednebakane omsorgsenter kl. 11.00
Julaftangudsteneste v/ Espen Tveten |
| 24. desember | Blomvåg kyrkje kl. 14.30
Julaftangudsteneste v/ Espen Tveten. |
| 24. desember | Blomvåg kyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste v/ Espen Tveten. Song av gruppe frå Øygarden gospel. |
| 24. desember | Hjelme kyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste v/ Erling Kopperud |
| 25. desember | Hjelme kyrkje kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste v/ Espen Tveten. Nattverd |
| 26. desember | Blomvåg kyrkje kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste v/ Espen Tveten. Nattverd |

Søndag 28. desember
kl. 16.00

Vik Bedehus

inviterer til Julefest for heile familien

Andakt, song av barnekoret Lyskastaren, Vik mannskor, konkurranse, julehistorie og juletrengang.

Beverting.

Alle hjarteleg velkomne!



Julehelsing frå soknerådsleiaren

Erling Vik er soknerådsleiar i Øygarden. Han er og leiar i Øygarden kyrkjelege fellesråd. Til dagleg er han bankmann, men har i mange år vore medlem av soknerådet og er elles med som frivillig medarbeidar i kyrkja.

Så går me mot ei ny julehøgtid og med det er eit nytt år i ferd med å ebba ut. Det er tid for litt ettertanke.

For nokre av oss har dette året blitt spesielt. Når sjukdom og død kjem tett innpå liva våre, gir det grunn til ekstra ettertanke.

Livet er skjørt og ein ser kor viktig det er å ha gode vener og samtidig kunne vere gode medmenneske i kvardagen.

For den som har tatt imot Jesus er det elles godt å veta at ein har ein Himmel over livet sitt. Difor er det livsviktig for alle å ta stilling til "barnet i krybba" – det vil ha ein evighetsbetydning at ein har lært Jesus å kjenna og tatt imot han i sitt hjarte

Så har me ein Herre og Frelsar som vil vera med oss gjennom kvar dag av livet vårt her på jord.

Denne hausten har eg funne trøst og styrke i sangen:

*Ikke en spurv til jorden
uten at Gud er med.
Ikke en sjel mot døden
uten hans kjærlighet!
Ikke en blomst er visnet,
ikke en tåre falt
uten at Gud vet om det,
han som er over alt.*

*Tro det når stormen herjer
bladløse vintertrær!
Tro det når brenning bryter
over de nakne skjær!
Tro det når ubeskyttet
midt i en kamp du står.
Tro det når helt alene
du med en smerte går.*

*Tro det når noe brister
uten å vokse frem.
Tro det når noen mister
det som var alt for dem!
Tro det når håp går under
uten å reise seg:
Ikke en spurv til jorden!
Det er et ord til deg.*

*Eg ønskjer dykk alle ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år med Jesus i sentrum.
Helsing Erling Vik*



Foto: Olav Martin Vik



Babysong i kyrkja

Foto: Kari Sandøy Rong

Kyrkja i Øygarden har no starta opp med babysong. 1. desember var første samlinga i Blomvåg kyrkje. Det vart ei fin samling med gode barnesongar og kos med medbrakt mat. 9 guttebabyar med mødre deltok denne gongen. Det er Kari Sandøy Rong som er tildelt ansvaret for babysongen. Ho hadde hjelp frå Ane Marte Mikalsen og Maria Markussen frå Teamet. Det har gått ut skriftleg innbyding til føresette. Dersom du ønskjer informasjon om neste samling og ønskjer å delta, ta kontakt med kyrkjekontoret



56 38 22 40

Behov for støttekontaktar

Øygarden kommune treng fleire støttekontaktar. Støttekontakttenesta er sjølv sagt viktig for dei den er til for og tenesta er lovpålagt. Anne Sissel Oen er ansvarleg for tenesta. Fleire må tenkja "er dette noko for meg" og melda seg til teneste.

Tekstansvarleg: Olav Martin Vik/Anne Sissel Oen Foto: Olav Martin Vik

Støttekontakt kva er det?

Som ansvarleg for støttekontakttenesta etter helse- og omsorgstenestelova har eg lyst til å seie noko om kva denne tenesta er og at me alltid treng at nye melder seg til teneste, seier Oen. I Øygarden kommune har me eit «støttekontaktkorps» på rundt 25 personar. Oppdraga varierar mykje. Støttekontaktane hjelper ulike menneske som har funksjonsnedsetting som gjer at dei treng støtte. I tillegg engasjerer barnevernstenesta støttekontaktar, som eit av sine tiltak, fortel Anne Sissel Oen.

Kva gjer ein støttekontakt

Støttekontakttenesta er lovpålagt. Den er heimla både i Helse- og omsorgstenestelova og i Barneverntenestelova. Dei som har oppdrag som støttekontakt er vanlegvis utan profesjonell bakgrunn. Dei er tilsette på oppdrag nokre timar i veka. Gjennom samvær skal støttekontakten vera med på å gje andre menneske ei

meir meningsfull fritid. Dei som mottok denne tenesta er ei ueinsarta gruppe. Dei er frå førskuleborn til menneske i åttiåra, dei har det til felles at dei treng å ha nokon ved sida av seg for å kunne delta på aktivitetar eller dei treng å ha ein samtalepartnar og støttespelar i kvardagen. Felles for støttekontaktane er at dei er genuint interessert i å gjera ein forskjell for andre med hjelpebehov. Støttekontaktane er med på å motverke isolasjon, einsemd og passivitet. Støttekontaktar kan gjera ein stor forskjell i livet til eit menneske som har behov for hjelp og støtte på ulike måtar. I tillegg kan dei ha ein viktig avlastningsrolle for familiar som har store omsorgsoppgåver.

Behov for støttekontaktar

Det er alltid behov for støttekontaktar. Kommunen treng at fleire innbyggjarar har lyst til å engasjere seg i denne typen oppdrag. Det er vanleg med ca 4 timar i veka. Oppdraga er løna etter satsar som

vert regulert kvart år. I tillegg har ein utgiftsdekning. Det tyder at ein får dekkja eigne utgifter og køyring med eigen bil i oppdrag inntil ein viss sum, seier Oen. Det er fellessamlingar for støttekontaktar som har oppdrag etter Helse- og omsorgstenestelova 2 gonger i året. I tillegg får den enkelte rettleiing på sitt oppdrag. Alle oppdragstakarar får kontrakt.

Noko for deg?

Dersom dette på nokon måte får deg til å tenkje: «Dette er noko for meg». Ta kontakt med Pleie- og omsorg på tlf. 56382300 og be om å få snakke med Anne Sissel.

FÅRENE OG BUKKENE

At lave en primitiv filosofi

Med båse, som menneskene inddeles i, er en feil, hvoraf alle folk lider.

Men vi er nogen stykker, som kun kan forstå en måde at inddele menneskene på:

Man skal dele dem i individer. Piet Hein



Anne Sissel Oen er ansvarleg for støttekontakttenesta i Øygarden. Ho ønskjer seg fleire støttekontaktar.

Barne og ungdomssidene



Nokon har funne eit bra spor etter Jesus!



Klar for sporløp



På sporet av Jesus på Skjergardsh

Tekst: Hogne Berland

Bilder: Kristoffer Nordvik

På Skjergardsheimen er 56 born på plass igjen i peisestova på bibelsamlinga. Dei har nett vore ute og helsa på Sakkeus som sat oppe i eit tre. Han kunne fortelja at han var vorte så glad i å klatra etter ei heilt spesiell klatrehistorie for nokre år sidan. På 3.-4. klasseleir denne helga er deltakarane detektivar. Dei er på sporet av ein litt merkeleg mann som heiter Je-

sus. Då er det viktig å snakke med ulike vitne. Både Abraham, Maria Magdalena, Bartimeus og ein gjetar frå Betlehems-markane må kallast inn. Det er nemleg ein heil del spørsmål som skal stillast for å finne ut meir om Jesus. Vitna svarar ganske bra for seg, så det gjekk fint å få fleire spor i etterforskningsheftet.

Det er meir enn dette som er spanande denne helga, for her er det nemleg mange som er på leir for første gong. På

Skjergardsheimen er det mykje kjekt å utforske i fritida. Fotballbane, leikestativ, zip line og spelrom skal sjekkast ut. Desutan er det veldig gøy å gå på besøk på dei andre sine rom, sjølv om dei er til forveksling lik ditt eige. Å vera to netter heimifrå er også spanande, til og med i overkant spanande for nokon. Heldigvis vil ingen reisa heim, trass i litt heimlengt.

Etter bibelsamlinga i peisestova er borna no i gong med å undra seg litt med



Hogne har ordet

Hogne Berland, kyrkjelydspedagog

Det siste året har vi hatt eit lite luksusproblem når vi skal arrangere leir på Skjergardsheimen. Det er nesten for mange ungdommar som vil vera leirleiarar. Det er gøy!

Men det er ikkje berre her at engasjementet blant ungdomane er stort. På Refuel på bedehuset på Rong samlast

annankvar fredag 40-60 ungdomar til andakt, lovsong, kafé og underhaldning. Mykje av opplegget står dei for sjølve. På Yngres, Plussklubb og på søndagsskular er mange med som leiarar. Gospel Teens har ein heil gjeng med ungdommar som ønskjer å vera med og syngja om Jesus. Då vi skulle arrangera KRIK-messe i vår,

møtte over 20 opp på planlegging-smøtet og ville bidra!

Det er utruleg kjekt når engasjementet er så stort. Det er inspirerende og det lovar godt for framtida! Det kjekaste er likevel å sjå når ungdommar vert betre kjent med Jesus og den kristne trua. Det er flott å høyre ungdommar sei for første



Ein fornøgd kar ute i fritida.

eimen

dagens undringsspørsmål. Kva trur vi egentleg Sakkeus tenkte medan han sat i treet sitt? Eller kva kan eg gjera dersom eg vil vera meir slik som Jesus var? Nokre får også tid til å slå opp i sin eigen barnebibel og finna historiane vi har fått høyra. Og det beste av alt: I Bibelen finn vi mange, mange fleire spor etter Jesus som vi kan etterforske vidare heime!

gong at dei trur på Jesus.

Det er mykje å gleda seg over. Samtidig er det viktig å ikkje verta tilfreds. Endå er det fleire ungdomar som treng å høyra om Jesus. Endå er det plass til fleire i koret og på ungdomsklubben. Og vert det for mange leirledarar, så får me heller arrangera nokre leirar till! :)

Kalender

Leirar 2015

23.-25. januar: 7. klasseleir
13.-15. februar: 5. klasseleir
14. mars: 1.-2. klasse leirdag
24.-26. april: Ungdomsskuleleir

Påmelding kan du gjera etter at du har fått programmet.

Ungdomsklubben Refuel (frå 8. kl. +)

12. desember Refuel og KRIK julebord.
Espen Tveten.

9. januar
23. januar
6. februar
20. februar
6. mars
20. mars
10. april
17. april
8. mai
22. mai
5. juni
Stad: Rong bedehus
Tid: 19.30-22.30

KRIK (frå 5.-8.kl)

16. januar 24. april
30. januar 01. mai
13. februar 15. mai
27. februar 29. mai
13. mars
27. mars

Stad: Toftøy gamle skule
Tid: 19.00-21.00

Fantastisk resultat på KRIK-løpet

Konfirmantane sitt KRIK-løp på Rong bane den 6. november vart ein stor suksess. Innsatsen rundt bana var imponerende og fleire passerte 20 rundar rundt bana før dei 30 minutta var gått. Det beste med kvelden var likevel resultatet. Når ein la saman fastbeløp og sponsering per runde viste opptellinga at over **94 000 kroner** var lova vekk til KRIK sitt arbeid i Aust-Afrika. Og det ser ut til at løfta heldt, for pengane har strøyma inn på konto sidan då! Om nokon endå ikkje har fått betalt si sponsering er kontonummeret for KRIK-løpet 3628.57.36980.

Vi takkar alle sponserar og gratulerer konfirmantane med eit fantastisk resultat!

Fattigdom og naud lindra av

ØyNytt har tidlegare skrive om Unni Instefjord (i Øygarden) sitt innsamlingsarbeid for naudlidande i Ukraina. Open Heart har og årleg ein trailer ved Rong senter som mange leverer klede til.

I ei tid der me i Noreg brukar mange pengar på oss sjølv er det viktig å veta at ikkje så langt borte lir menneske under fattigdom og krig. Det er Halvard Hasseløy som er dagleg leiar i Open Heart og han har gitt ØyNytt denne statusrapporten frå Ukraina.

Tekstansvarleg: Olav Martin Vik (Open Heart sin rapport til ØyNytt)

Foto: Open Heart

Krig og redsle

Open Heart har også lagt nok eit år bak seg i eit land der kontrastane til den verda me sjølv omgir oss av, er større enn nokon kan fatta. I år har utfordringane og lidningane berre eskalert til nye høgder. I krigsområda har lidningane og fattigdomen vore uut haldelege. I tillegg kjem mengder av born som har minsta sine foreldre i krigshandlingar, sett familiemedlemmer vorte alvorleg såra, og som vil måtta bera med seg store traumer for resten av livet. I desse områda har Open Heart vore aktivt inne med naudhjelp, mat og varme klede denne hausten og me vil også ha eit ekstra fokus på dei når jula nærmar seg, seier Halvard Hasseløy.

Sjokkerande naud

Sjokkerande naud møter oss kvar dag. I Ukraina har vinteren for lengst tatt ubarmhjertig tak og sørga for livstruande kuldegrader for mange av landet sine fattigaste. For i Ukraina drep kulden. Systematisk og nådeløst.

Andre misser livet av sult og sjukdom. For fattige er straum, lys og varme ein luksus dei ikkje kan unna seg. Ofte vert straumen skrudd av fordi rekninga ikkje vert betalt. Når kuldegradene overstig minus 20, er det lett å forstå korleis folk har det, sjølv innandørs. Nauda som som møter oss i vårt arbeid er sjokkerande, seier Hasseløy.

«.. I Ukraina drep kulden, systematisk og nådeløst..»

Borna lir

Som alltid er det borna, dei eldre og dei aller fattigaste som får lida mest. Dette er vår smerte, men også vår utfordring, i Open Heart. Me vel å fokusere på mulighetene for å hjelpe, i staden for å la oss lamme av vonløyse.

Ingen velduftande mat på julebordet

Mens me førebur oss og gledar oss til ei overflodsjul, kjenner me i Open Heart imidlertid så altfor godt til ein annan verkelegheit. Born som gret av sult og kulde. Som aldri har fått ei einaste julegave i heile sitt liv. Eller som aldri har opplevd å bli invitert til ein koseleg juletreffest. I staden set mange redde, sultne og kalde i ein krok i eit skur og skjelv både av kulde og redsel.

Om alkoholen er eit problem resten av året er det det desto meir i jula, då dei vaksne forsøker å drukne sine sorger og bekymringar med alkohol. Det går ut over borna, som ofte rømmer ut i gatene av redsel. Det finnes ingen velduftande julemat på bordet. Ingen godterier eller gåver. Desse MÅ me hjelpe, seier Hasseløy.

Jesus født inn i fattigdom

I Open Heart set me enorm pris på alle dykk som ikkje gløymer at Jesus som sjølv vart født inn i fattigdom og fornedrelse, har lært oss å dela med andre. «Det du gjer mot ein av desse mine minste små, gjer du mot meg», sa han.



Forsidebilete: Frå ein søppelhaug

Takk til alle som hjelper

Takk til alle som strekker seg langt for å hjelpe. Varm takk til alle dykk som i løpet av året har delteke i og vore medhjelparar rundt om i by og bygder når Open Heart har hatt sine aksjonar. Takk til alle gode medarbeidarar som har gjort ein stor innsats. Takk til alle som jamnleg tenkjer på oss med klede og andre artiklar. Frå djupet av vårt hjarta takkar me for alle som huskar på arbeidet vårt i bøn, seier Halvard Hasseløy.


“Øygarden gjennom Unni Instefjord gjør stor innsats for fattige barn og familier i form av julegaver i Nødens Ukraina! En stor takk til alle som hjelper” skriv Halvard Hasseløy.

Open Hearts leiarar, medarbeidarar og vår familie ønskjer dykk alle ei velsigna julehøgtid og framgangsrikt og godt nytt år.

v hjelp frå Open Heart



Frå landbygda i Ukraina



Born lir under fattigdom og naud

Unni Instefjord og hennar medhjelparar

Unni samlar inn klede og utstyr til Open Heart sitt arbeid. ØyNytt har spurt Unni korleis det har godt med innsamlingsarbeidet fram mot denne jula og her er hennar tilbakemelding til oss:

1003 julegåver

1003 julegåver vart sendt i 24 november med bil, og det vart 12 pallar i motsetning til i fjor då det var 10 pallar. Julegåvene er litt større, (det er fordi me prøver å "kle på dei" mest mogeleg). Me takker Gud for Hans rike velsignelse over denne aksjonen. Mange er glad for at dei på denne måten kan vera med å hjelpe andre som verkeleg er i naud, seier Unni. Flotte strikkeplagg, quiltetepper, leikar og ikkje minst pengar har me fått frå glade givarar i Øygarden, på Sotra og Askøy. Butikkar har og vist eit stort engasjement i år, kles- og leikebutikker. Kiwi har og gitt

tannkostar, såper og tannkrem. Det er me takknemleg for.

Innsamlingsaksjon på Askøy

I desse dager er det ein stor innsamlingsaksjon til fattige born på Askøy senteret som skal gå til Open Heart Ukraina. Fantastisk! Dette gjer at me får "drahjelp" til å starte pakkninga tidligare neste år. Om du går på Facebook "Julegaveaksjonen", vil du sjå bilete av det me har fått, kassar og frå det som vart sendt i går. Me ønskjer å handla ut i frå det som står i Jesaja kap. 58, v. 6-11.

Traktat med i pakkane

Det som var nytt i år er at alle pakkane fekk en flott traktat, der det står på deira eige språk: Gud elsker deg! Gud Velsigne deg! fortel Unni.

Dette er Open Heart i Ukraina

- 4000 fattige barn spiser hver dag på Open Hearts suppekjøkken
- 250 barn fra 0-6 år som var i ferd med å gå under får en ny framtid ved våre barnehjem.
- Egen skole drives for vanskeligstilte barn fra 7-10 år.
- 3 sentre for misbrukte gatebarn i Kiev, Krim og Kherson.
- Massedistribusjon av klær og mat til fattige barn og familier,
- barnehjem, hjem for handikappede barn osv.
- Mer enn 600.000 mennesker har fått hjelp det siste året.
- Tre egne trailere kjører hver måned fra Norge til Ukraina.
- Evangeliet forkynnes for fattige og gir håp og framtid.
- Flere rehabiliterings-sentre for narkomane og alkoholikere.
- Sommerleire for flere tusen barn fra fattige familier.



Pilgrimsvandring i vakkert landskap

På pilgrimstur i Spania

ØyNytt har møtt Åse og Oskar Vik som har gått pilgrimstur i Spania. Turen starta i den vakre fjell-landsbyen O'Cebreiro som ligg ca 1300 meter over havet og 7 dagar seinare er ein framme i Santiago de Compostela i Nordvest-Spania, etter å gått i vekslande og vakkert landskap. Turen gir påfyll for sjel og kropp, seier dei.

Tekst: Olav Martin Vik Foto: Åse og Oskar Vik

I løpet av den første delen av samtalen med Åse og Oskar i heimen på Vik, er det berre å oppsummere: Dette kan anbefalast. Pilgrimsvandringa gir påfyll for sjel og kropp. Menneske med ulikt utgangspunkt gjekk turen, ung og gamal.

Åse og Oskar hadde høyrte om denne pilgrimsruta og turopplegget til SI-Reiser og bestemte seg for å delta. Dei likar begge å gå turar, både i inn- og utland.

Dagsrytmen

Overnatting var i regi av turopoperatøren og dagen starta med frukost kl 8. Etter det bar det avstad på føtene. Dagsetappane var på mellom 2,5-3 mil. Det er omtrent som å gå frå Toftøy til Sotrabrúa. Ein kunne gå saman med andre eller kvar for seg om ein ville det, fortel Åse og Oskar. Undervegs ordna ein seg sjølv med lunsj. Langs heile ruta var det små kafeear der ein kunne få mat og ypperleg kaffi. Når etappen var over vart reisefølget bussa tilbake til hotellet, for så å starta på ein ny

etappe neste dag.

Medvandarane

I pilgrimsruta gjekk det menneske frå heile verda. Ei heil busslast frå Brasil. Menneske i alle aldrar og med ulikt utgangspunkt både fysisk og til sinns. Ein skulle ikkje spørja kvifor folk gjekk denne turen, seier Åse. Den første timen av kvar etappe skulle ein vera heilt stille. Då kunne ein konsentrere seg heilt om seg sjølv. Undervegs vart ein kjent med menneske som tok seg fram mot Santiago de Compostela.

Landskap og folk

Pilgrimsruta går gjennom eit vakkert og variert landskap, gjennom gardstun og landsbyar. Ruta er merka med kamskjel og ein kan ikkje gå seg vill, fortel Oskar. Dette er i ein fattig del av Spania noko dei såg på vandringa. Men, pilgrimane vart ikkje utnytta kommersielt. Mat og drikke fekk ein kjøpt, i tillegg overnatting for dei som trong det. Ingen souvenirbutikkar.

Meditasjon og bøn

Dagen starta med morgonandakt. Ute på vegen fekk ein tid til ettertanke, meditasjon og bøn til Gud. Alt det me elles omgir oss med var skrella bort, seier Åse og Oskar. Det var ei god åndeleg oppleving seier dei begge. Sjela fekk påfyll og kroppen vart utfordra fysisk.

For menneske i alle aldrar

I ruta såg dei spreke eldre menneske, mange over 70 år, skuleklassar, menneske som gjekk aleina og i gruppar. Rundt 200 000 menneske går årleg denne pilgrimsturen, som kan gjerast mykje lengre om ein ønskjer det. Startar ein t.d. i Frankrike tek turen 4 veker.

Framme i Santiago de Compostela

Byen Santiago de Compostela og katedralen med same namn er målet. Gledesrop høyrst når pilgrimane har nådd målet, fortel Åse. Her får ein delta på gudsteneste og det er nattverd. Ømme og såre bein er gløymt når målet er nådd.



Pilegrimsveien til Santiago de Compostela står det på skiltet



Pilgrimane Åse og Oskar framme i Santiago de Compostela med katedralen i bakgrunnen.

Fakta om Pilegrimsveien til Santiago de Compostela

(Spansk El Camino de Santiago, galisisk O Camiño de Santiago, fransk Chemin de St-Jacques) er en samling vandreruter som leder fra flere land i Vest-Europa fram til Santiago de Compostela-katedralen i byen Santiago de Compostela i Nordvest-Spania. I denne katedralen ligger det, i henhold til tradisjonen, relikvier etter Apostelen Jakob.

Katedralen og byen har sammen med Roma og Jerusalem vært de viktigste pilegrimsmålne for den europeiske kristenheten. Den første kjente pilgrim var biskop Gottskalk i 950. Pilegrimsfarten var viktig gjennom hele middelalderen, men ble forvansket av perioder med pest og kriger. Ulike herberger og andre tjenester vokste opp langs de vanligste rutene.

Tradisjonell pilegrimsvandring var i ferd med å dø ut, men har de siste 30 - 40 årene fått en ny oppsving.

Hjelme gamle kyrkje

Eit dikt av Robert Sæle om Hjelme gamle kyrkje

Høgt heva du reiser ditt grøn-eira tårn. Fortel om dei farne tider. Ein gong du verdsett av vaksne og born, men du i einsemnd lider.

No kjenner dei deg ikkje, og let deg blø. Du var slikt eit merke før. Men no vert du terd opp av regn og snø, og vindar frå vest og sør.


Dei sleit og dei strevde å få deg bygd. Og førde på stein og jord. Snart stod du der, kvitmåla, traust og trygt og skein mot den blanke fjord.

Du vart reist av folk som smålåtne var. Dei hadde ikkje pengar på fond. Men kraft i frå arbeid i båt og på gard, og med viljestyrke og ånd.

Hjelme gamle kyrkje, du er eit monument, over fedrane våre sitt verk. Me deg må æra som du har fortent, og visa oss einig og sterke.

Nye adventsalmar i NORSK SALMEBOK 2013

Kyrkjelydane i Øygarden tok i bruk den nye salmeboka på salmegudstenesta i Blomvåg kyrkje søndag 23. nov og på salmekvelden i Hjelme kyrkje tysdag 25.nov. Kantor Anne Lise Grøm tek oss med inn i den nye salmeboka.



Den nye salmeboka har ein del nye advent – og julesongar. Nokre av dei er kjende frå før, gjennom media eller at me har nytta dei t.d. i barnehage – og skulegudstenestene før jul. Me vil i denne vesle artikkelen presentera dei nye salmane for advent – og juletida.

Adventstida

2 nye salmar og 2 med ekstra melodi

Velsigna du dag over fjordan, nr. 24 – og kalla «Nordnorsk julesalme». Tekst og melodi frå 1985: Trubaduren Trygve Hoff frå Rognan. Salmen er fast innslag på advents- og julerepertoaret i landsdelen, og er blitt kjent sørpå dei siste åra, også i Øygarden.

Solbarn, jordbarn, nr. 26. Songen er skriven av Shirley Myrray i 1994, og melodien er av Carlton Young også i 1994. Eyvind Skeie har omsett songen til bokmål.

Opp gledes alle, gledes no. Nr 7. Salmen er ikkje ny, men han har fått ein ny melodi i tillegg til Hæffner sin melodi frå 1820 som framleis er med. Den nye er Odd Nordstoga sin frå 2009, og salmen vart kjend ved framføringa han gjorde saman med Sissel Kyrkjebø.

Kom, konge kom i morgensglans, nr 16 har framleis melodien me er vane med, men den har og fått ein ny melodi av amerikanske Elkanah Kelsay Dare frå 1812.

Artikkelen går over til side 16

Juletida med 11 nye salmar og 2 nye melodiar



Øygardskoret på salmegudstenesta i Blomvåg kyrkje. Foto: Olav Martin Vik

Mange salmar er kjende og velbrukte i Øygarden frå før.

1.

Den første me skal sjå på er **Stille natt, heilage natt** nr. 43. Dette er ein kjend tekst til melodien «Glade jol» av Franz Gruber. Teksten er gamal- frå 1816, skriven av Joseph Mohr i 1816, og omsett av Erik Hillestad både til bokmål og nynorsk. Me vil streka under at Glade jol og står i salmeboka på nr. 47 både på nynorsk og bokmål.

2.

I kong Davids by det hende, nr. 46. 1800-tals melodi (Gauntlett) og tekst (Alexander). Dette er julesong i engelsk tradisjon. Nynorsk tekst omsett av Kjetil Frøysa.

3.

Du grønne glitrende tre, god dag nr. 52. Den mest kjende melodien av den tyske komponisten Weyse (1774-1842), stod både i Ny-norsk salmebok og Landstad reviderte på teksten: Det er so fagert i fylgje gå/ Det er så yndig å følges ad. Songen har ikkje vore i 1984-salmeboka, men er no inne på bokmål. Edvard Grieg har og ein melodi til teksten som skulle vera kjend. Teksten er av danske Johan Krohn frå 1866. Den vart omsett til norsk og trykt første gongen i Nordahl Rolfsens lesebok i 1892 med tittelen: «til juletræet». Juletræet fekk forresten innpass i heimane gjennom juletræfestane på skulane.

4.

Midt i hårdast vinter, nr. 55. Teksten er frå 1870 av Christina Rossetti og omsett av Svein Ellingsen til bokmål. Melodien frå 1906 er engelsk av komponisten Gustav Holst.

5.

Gjev ikkje glans og gull og prakt, nr. 57. Teksten her er og frå 1800-tallet av Topelius. Han var finsk/svensk forfattar og skreiv både skulebøker, barnebøker og eventyrforteljingar for barn. Salmen er omsett av Arve Brunvoll til nynorsk. Melodien er av den finske komponisten Jean Sibelius.

6.

Nå har vi vaska golvet, nr. 64. Det har vore mykje diskusjon om songen høver i ei salmebok, men her er han i alle fall. Tekst av Alf Prøysen og melodi av Arnljot Høyland.

7.

Guds frelse til verda er komen, nr. 67. Teksten er på nynorsk av Gerd Grønvold Saue 1992 og melodien av Kristian Hernes frå 2006.

8.

Nå er den hellige time, nr. 68. Denne er fast innslag på skulegudstenestene våre før jul. Tekst Eyvind Skeie og melodi av Tore Aas.

9.

I en natt så klar og kald, nr. 69. Tekst (bokmål) og melodi av Bjørn Eidsvåg. Mykje nytta song i barnehagar og på skular, også her i

Øygarden.

10.

Røster fra himlen, nr. 71. Dette er ein polsk salme som Eyving Skeie har omsett til bokmål etter eit polsk motiv og melodien er polsk folketone. Songen står i songboka: «Vi synger fra advent til jul» som IKO forlag gav ut i 1979, men med ein annan tekst og litt endra melodi.

11.

Vem har tent den stjerna, nr. 72. Carola Haggkvist sin kjende melodi til tekst av Erik Hillestad.

12.

I denne søte juletid. Nr. 37. Tekst: Brorson i 1732. Denne stod i den første salmeboka med teksten: I denne glade joletid. No er den berre på bokmål, reformasjonsmelodien er ute, og inn har det kome ein folketone frå Lårdal.

13.

Fra fjord og fjære. Nr. 50. Melodien av Zink 1801 frå første salmebok er framleis med, men me har og fått ein ny melodi av komponisten og organisten Trond Kverno.

Me kan nemna til slutt at Brorsonsalmen, med Blix si omsetjing: Her kjem me Jesus dine små, har fått tilbake første linja frå Nynorsk salmebok: «Her kjem me dine arme små.»

Anne Lise Grøm
Kantor i Øygarden



Kantor Anne Lise Grøm

Kjøp
kjapt,
trygt
og billig

KIWI mini
pris

Søre Sæle
Tlf. 56 38 71 20
Mand – fred kl.07.00 – 23:00
Lørdagar 08:00 – 21:00

Det er vi
som bygger Øygarden



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09
Adr. Påluneset, 5337 Rong
www.th-bygg.no



Asane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Vest Modul AS
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker



Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden
TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



Vi kan tilby 12 rørs solhimler
eller solseng med høy kvalitet.
Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B·P·S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22



Mobil: 918 56 258

Øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Trenger du
noen å snakke med?

815 33 300

SparebankenVest

– satsar på Vestlandet



EUROSPAR

- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

EUROSPAR Rong tlf. 56 38 71 40

Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



Rong Catering a/s
Tlf. 9185 6258

- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

Vi formidlar blomster til innland og utland



Blomsterbua
Rong Senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

INTERFLORA



trend frisør RONG SENTER

Eigne priser for pensjonistar
Langope torsdag
TIMEBESTILLING 56 38 73 90

-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210
E-post: post@vestgarelektro.no
www.vestgarelektro.no



Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062
www.torsteinsvik.no

Øygarden hud & kroppspfleie skifter navn til

LT hudpleie

Og har flyttet til Ågotnes helsehus.
Følg oss på facebook.
Velkommen til nye lokaler!
Tlf 5638 9515



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted



Stoffbua

Postboks 24, 5445 Bremnes
Tlf: 53 42 04 62

Vi har det meste til de fleste hobbyer!

Bunad - Scrapbooking - Kunstmalning
Quilting - Strikking - Hobby til barn
Treff oss på: www.stoffbuabremnes.no

Til lukke

70 år

10. des Svein-Tore Danielsen,
Nystovevegen 17
24. des Ingolf Leif Solsvik,
Vågsneset 5
13. jan Atle Rivenes,
Methøyen 6
24. jan Arne Hjelme,
Hjelmevegen 130
17. feb Liv Ingrid Alvheim,
Gjerdevegen 23

75 år

11. jan Ruth Margun Dale,
Blomenutvegen 2
14. jan Robert Otto Sæle,
Hjelmevegen 4
27. jan Lillian Eide, Arsettunet 25
8. feb Mary Berntzen, Storhøyen 16
10. feb Myrna Karin Hellesøy,
Hellesøykaiaen 23
19. feb Marit Johanne Rosendahl
Sæle, Hjelmevegen 4

80 år

6. jan Villy Dåvøy, Sandråsvegen 7
7. jan Bernt Bertinsen Knarvik,
Knarrvikvegen 16
14. jan Anna Maria Torsvik,
Uthaug 11
15. jan Aslaug Betsy Magnhild
Skaar, Arsettunet 34
10. feb Peder David Fjeldstad,
Grønhaugvegen 121
15. feb Kjell Døskeland,
Gjerdhøyen 4

85 år

17. des Henriette Bergitta Odland,
Kanalvegen 3
24. des Martin Hellesund,
Nygårdsvegen 12
8. jan Herborg Sæle,
Sælstøvegen 2
30. jan Johanna Dale, Dalevegen 9

Skule- og barnehagegudstenestene

Onsdag 10. des Hjelme kyrkje kl. 09.30
Breivik barnehage

Onsdag 10. des Hjelme kyrkje kl. 10.30
Tjeldstø barnehage

Torsdag 11. des Hjelme kyrkje kl. 09.30
Toftøy barnehage

Torsdag 11. des Hjelme kyrkje kl. 10.30
Toftøy barnehage

Onsdag 17. des Blomvåg kyrkje kl. 09.00
Rong skule

Onsdag 17. des Blomvåg kyrkje kl. 10.00
Toftøy skule

Torsdag 18. des Blomvåg kyrkje kl. 10.00
Øygarden ungdomsskule

Fredag 19. des Blomvåg kyrkje kl. 09.00
Blomvåg skule

Fredag 19. des Hjelme kyrkje kl. 11.00
Alvheim og Bakken skule

Gudstenester

1. januar Blomvåg kyrkje kl. 12.00
Høgmesse v/ Espen Tveten. Nattverd

4. januar Hjelme kyrkje kl. 11.00
Høgmesse v/ Helge Unneland. Nattverd

11. januar Blomvåg kyrkje kl. 11.00
Høgmesse v/ Espen Tveten. Nattverd

18. januar Hjelme kyrkje kl. 11.00
Høgmesse v/ Espen Tveten. Nattverd

25. januar Blomvåg kyrkje kl. 11.00
Høgmesse v/ Espen Tveten. Nattverd

1. februar Hjelme kyrkje kl. 11.00
Høgmesse v/ Helge Unneland. Nattverd

8. februar Blomvåg kyrkje kl. 11.00
Sprell levande gudsteneste v/ Espen
Tveten. Utdeling til 4 åringar og song av
Lyskastaren

15. februar Hjelme kyrkje kl. 11.00
Høgmesse v/ Espen Tveten. Nattverd



Døde

Blomvåg

Roy Torsvik, Knappen, f.1957
Mons Martin Torsvik, Søre Sæle, f.1933
Monrad Knarvik, Bergen, f.1923
Martin Nilsen Rong, Rong, f. 1914

Døpte

Blomvåg

Henriette Rong Kleppstø, Blomvåg
Kim Tejas Eriksen, Rong
Martin Sørenes, Blomvåg
Marthe Thorvaldsen Turøy, Rong
Elijah Dale, Dale

Hjelme

Leon Steffensen Kallekleiv, Toftøy
Kornelius Glitre, Oen
Marius Selstø Monsen, Rong

Vigde

Blomvåg

Cecilie Dyrkolbotn Snekkevik og
Morten Snekkevik

Vil du gjøre en forskjell?

Kirkens SOS i Bergen trenger nye medarbeidere!



Kirkens SOS

Inntakskurs starter 16. februar.

Vil du gjøre en forskjell for mennesker som har det vanskelig og samtidig oppleve personlig utvikling? Som frivillig kan du velge mellom å lytte til mennesker på telefon eller chatte med dem på internett.

Du får full opplæring og oppfølging underveis, og vi kan tilby et utviklende personlig og sosialt fellesskap. Tjenesten er velordnet og forutsigbar, og kan fint tilpasses jobb, studier eller pensjonisttilværelse.

For mer informasjon, ring 55 32 58 45 / 941 83 654, eller se www.kirkens-sos.no/bjorgvin

Kirkens SOS er Norges største og eldste krisetjeneste på telefon og internett.



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden sokneråd
Øygarden kyrkjelege fellesråd

ØYNYTT - kyrkjeblad for Øygarden

Ansvarleg redaktør:

Olav Martin Vik

Redigering og Lay-out i InDesign

Olav Martin Vik

I redaksjonen:

Hogne Berland; Olav Martin Vik, Kari Sandøy
Rong, Espen Tveten og Anders Vik

Kontingent:

Min. kr. 125 innan kommunen
Min. kr. 175 utanom kommunen

Takkeannonssar:

Kr. 100

Kontonummer:

3628 07 02557

Trykk:

Bodoni, 5017 Bergen

Distribusjon:

Sanden budservice, tlf. 45613416

Kyrkjekontoret i Øygarden

Ekspedisjonstid: måndag-fredag 9-15

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje

Postadresse: Boks 144, 5331 Rong

Telefon:

56382240

Telefaks:

56382241

Vakttelefon prest:

56382244 (dagtid)

E-post:

kontor@kyrkja.net

Nettside:

www.kyrkja.no/oygarden

Facebook:

KyrkjalOygarden

Staben i kyrkja i Øygarden

Kyrkjevevjerje Olav Martin Vik

e-post: kyrkjevevjerje@kyrkja.net

Tlf. 56382243/93264400

Sokneprest Espen Tveten

Tlf. 56382244

E-post: sokneprest@kyrkja.net

Kontorleiar Kari Sandøy Rong

E-post: kontor@kyrkja.net

Tlf. 56382240

Kyrkjelydspedaog Hogne Berland

pedagog@kyrkja.net

Tlf. 56382247

Kantor Anne Lise Grøm

E-post: kantor@kyrkja.net

Tlf. 91881208

Diakonimedarbeidar Bjørg Blom

E-post: diakon@kyrkja.net

Tlf. 47816181

Kyrkjetenar Kåre Kristoffersen

Blomvåg kyrkje, tlf. 91105197

Kyrkjetenar Janesh Amenia

Hjelme kyrkje, tlf. 95823472

Team, tlf. 56382240 (kontoret)

Leiar i kyrkjeleg råd: Erling Vik

Beredskapstelefon i Vesthordland prosti

Kvardagar frå kl. 17 til kl. 8 neste morgon og heile lørdag og søndag, tlf. 95483655. Gjelegg berre for tenester som ikkje kan venta og dødsbod. Legg att beskjed om du kjem til telefonsvarar.

Returadresse:
ØyNytt
Postboks 144
5331 Rong



NOREG P.P. PORTO BETALT



50-årsjubileet til kommunen var tema for årets pepperkakebygging. Alle hadde gjort seg flid med arbeidet.

Pepperkakeby i Øygarden

Tekst og foto: Olav Martin Vik



Biblioteket på Rong senter huser i desse dagar ei flott pepperkakestilling laga av born i barnehagar og skular i Øygarden.


Her finn ein mange kjente bygg og anlegg i Øygarden. Til venstre er det Blomvåg kyrkje og under er det Hjelme kyrkje som er konstruert.

Det er eit under at ein har klart å transportera alle konstruksjonane fram til biblioteket, men alt ser skadeslaust ut. Flott jobba av alle som har delteke i arbeidet.



På biblioteket heng det og ei flott utstilling av glassmaleri. Dei er måla av 6. klassingane i Øygarden, under den Kulturelle skulesekken i Blomvåg kyrkje.

Utstillinga av pepperkakebygg og glassmaleri er vel verdt å oppleve



Glassmaleri måla av 6. klassingane i Øygarden